

**PROTOKOLL**

**Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS**

**Møte: 2-2018**

**Tid: Fredag 7. desember 2018 kl. 11:00 - 12:00**

**Stad: Meland rådhus**

**Til stades:**

Ordfører:	Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Nina Bognøy (Lindås), Nils Marton Aadland (Meland), Tom Kristin Thorsen (Modalen) Jarle Skeidsvoll (Osterøy), Jostein Borlaug (Radøy)
Rådmenn:	Svein Helge Hofslundsengen
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Karstein Totland, Astrid Aarhus Byrknes, Øyvind Oddekalv, Jon Askeland

<b>Sak 8/18</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og saksliste</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.
<b>Sak 9/18</b>	<b>Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll</b> Nestleiar i Representantskapet Per Lerøy leiar møtet då leiar Karstein Totland har forfall.  <b>Samrøystes vedtak:</b> Nina Bognøy og Stian Herøy vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
<b>Sak 10/18</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll Representantskap 1-2018</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskap 1-2018 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 11/18</b>	<b>Orientering om status for prosjektet (vedlegg)</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for helsehusprosjektet. Totalentreprenør som er Consto AS har i haust førebudd oppstart av byggjeprojektet. Bygningar vart rive / sanert i november, og graving / grunnarbeid starta på tomte denne veka. Prosjektet er i rute iht. den kontrakten byggherre har med Consto AS. Sjå elles vedlegg.  <b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet tar orienteringa til vitande.
<b>Sak 12/18</b>	<b>Godkjenning av investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2021 for RNHI</b>  <b>Vedtak i styret:</b> Styret tar framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2020-2021 til etterretning, og godkjenner at budsjett og notat vert lagt fram for Representantskapet. Budsjettet og økonomiplanen baserer seg på føresetnadar som låg til grunn ved styrehandsaming.

	<p><b>Styret sitt forslag til vedtak i Representantskapet:</b> Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2020-2021.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2021.</p>
Sak 13/18	<p><b>Val av styremedlem til RNHI 2019 – 2020</b> Etter selskapsavtalen sit styret to år om gongen. Sitjande styre vart oppnemnt for perioden 2017-2018. Det skal derfor veljast nytt styre. Alle styremedlemmene har stilt seg til disposisjon for ny periode.</p> <p>Valnemnda sitt framlegg til nytt styre for 2019-2020 er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Håkon Matre, styreleiar</li> <li>• Torbjørn Nævdal, nestleiar</li> <li>• Rita Tveiten, styremedlem</li> <li>• Steinar Hunskår, styremedlem</li> <li>• Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem</li> </ul> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet vel følgjande styre for 2019- 2020</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Håkon Matre, styreleiar</li> <li>• Torbjørn Nævdal, nestleiar</li> <li>• Rita Tveiten, styremedlem</li> <li>• Steinar Hunskår, styremedlem</li> <li>• Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem</li> </ul>
Sak 14/18	<p><b>Fastsetjing av godtgjersle til styret</b> Valnemnda føreslår at satsane for styrehonorar for 2019-2020 vert vidareført slik dei er i dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styreleiar: kr 50 000</li> <li>• Nestleiar og medlem: kr 25 000</li> </ul> <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta, vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Satsane for styrehonorar 2019-2020 vert sett til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styreleiar: kr 50 000</li> <li>• Nestleiar og medlem: kr 25 000</li> </ul> <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta, vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p>

Frekhaug, 7. desember 2018



Per Lerøy  
Nestleiar Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS



Nina Bognøy  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS



Stian Herøy  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS